

§ 1. Formålet med forskrifta

Abonnentane i kommunen betaler for vass- og/eller avløpsstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar.

Vass- og avløpsgebyr sikrar finansiering av utbygging, drift og vedlikehald av kommunen sine vass- og avløpsanlegg, og skal gi ei best mogleg fordeling av kostnadane blant brukarane.

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent under § 2. Forskrifta fastset utrekninga og innbetaling av dei gebyra abonnentane skal betale for vass- og avløpsstenestene kommunen leverer.

§ 2. Definisjonar

Abonnent: tinglyst eigar eller festar som er tilknytt kommunal vassforsyning- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjent eller kravd tilknytt, direkte eller gjennom privat stikkledning. Tinglyst eigar eller festar er også abonnent ved utleige av eigedom.

For bortfesta eigedom betalar festar i staden for grunneigar.

Festar av fast eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig bygningar som er plassert på tomta, og bruker festerett slik det går fram av tomtefestelova, betalar.

Abonnementsgebyr: den faste delen av årsgebyret, som skal dekke ein del av dei faste utgiftene til kommunen for vass- og/eller avløpsstenester.

Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (registrert i matrikkelen): Bruksarealet er arealet innanfor dei omsluttande veggane i bygning og fellesarealet som høyrer til bygninga, utanfor veggane i bygninga.

Bueining: bustad eller fritidsbustad/hytte med separat inngang, eitt eller fleire opphaldsrom, kjøkkendel og bad eller wc.

Byggtype: Klassifisering av bygning basert på bygninga sin hovudfunksjon og bruk, slik den er registrert i matrikkelen etter NS 3457, for eksempel einebolig, tomannsbolig, rekkehus, bustadblokk eller næringsbygg.

Eigedom: fast eigedom registrert som sjølvstendig gards- og bruksnummer, og eventuelt seksjonsnummer, i matrikkelen. Seksjon etablert i tråd med lovgivinga om eigarseksjonar blir rekna som sjølvstendig eigedom.

Eingongsgebyr for tilknytning: gebyr for etablering av abonnement på vass- og avløpsstenester ved tilknytning til kommunal ledning, anten direkte eller via privat stikkledning.

Felles privat stikkledning: privat ledning eigd i fellesskap av abonnentar som er tilknytt det kommunale leidningsnett.

Forbruksgebyr: den variable delen av årsgebyret som blir betalt etter forbruk (målt eller stipulert).

Gebyrregulativet: den gjeldande prisoversikta for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane i gebyrregulativet blir oppdaterte årleg gjennom vedtak i kommunestyret.

Nybygg: einbustad, fritidsbustad, næringsbygg og andre bygg med endra status til mellombels bruksløyve eller ferdigattest.

Næringseining: sjølvstendig lokale som blir nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd.

Næringseining omfattar alle andre bygg enn bustadbygg; òg frisørsalongar, familiebarnehagar m.m., i private bustader.

Offentleg verksemd: verksemd driven av staten, fylket eller kommunen.

Seksjonert bygg: Bygning som er delt opp i eigarseksjonar i samsvar av eigarseksjonslova, og som i matrikkelen er registrert med éin eller fleire seksjonar med egne seksjonsnummer.

§ 3. Gebyrplikt

Plikt til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld for alle abonnentar i kommunen. Eigar av fast eigedom er ansvarleg for gebyra.

Der bustad og næring er knytt til felles gards- og bruksnummer skal dei ha kvart sitt abonnement. Det same gjeld i tilfelle med forskjellige festenummer på felles gards- og bruksnummer.

§ 4. Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vass- og avløpstenester:

- Eingongsgebyr for tilknytning
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for mellombels tilknytning
- Gebyr for plombering, stenging og gjenopning av vassforsyning
- Gebyr for leige av vassmålar
- Gebyr for kontroll/avlesing av vassmålar.
 - Gebyr for naust/garasjar som berre har utvendig kran

Kapittel 2. Eingongsgebyr

§ 5. *Eingongsgebyr for tilknytning*

Ved tilknytning til kommunale vass- og avløpsleidningar skal det betalast eingongsgebyr, jf. [lov om kommunale vass- og avløpsanlegg § 4](#). Fråkopling og eventuell ny tilknytning må utførast av godkjent røyrleggjar (røyrleggjarmelding/sanitærtilkopling skal sendast til kommunen).

Eingongsgebyret for tilknytning skal betalast ved:

- oppføring av nybygg som blir tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsleidning
- eksisterande bygg som blir tilknytt eller bygg som er pålagt tilknytning i medhald av lov, der fristen for tilknytning er ute
- tilbygg eller nye bygningar på eigedom når det nye bruksarealet er over 50 m²
- eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent. (Dette inneber ikkje at kommunen har godkjent tilkoplinga)
- anna permanent tilknytning til kommunalt vass- eller avløpsanlegg, f.eks. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg, mv.

Ved riving av eksisterande bygning, der nytt bygg blir sett opp på same stad, skal det betalast eit mellomlegg dersom nybygget har større areal enn det som blei rive.

Eingongsgebyret for tilknytning blir ikkje betalt i følgjande tilfelle:

- Bygg med mellombels tilknytning, f.eks. brakkerigg. Kommunen kan fastsetje varigheit for den mellombelse tilknytninga i samsvar med byggeløyve.
- Særskilt tilknytning av sprinklaranlegg.

§ 6. *Gebyrsats og betaling*

- Eingongsgebyret for bustader og næringsseigedomar bereknast ut frå bruksareal (BRA).
 - Parkeringsareal skal ikkje inngå i berekningsgrunnlaget for tilknytingsgebyr. Både sjølvstendige garasjeanlegg utan tilknytning til bygg og parkeringskjellarar, som er registrert som garasje i matrikkelen, er omfatta av unntaket.
- For eksisterande bygningar blir faktura for tilknytingsgebyr sendt ut ved godkjent sanitærabonnement etter sats i gjeldande gebyrregulativ på tidspunktet for godkjenning.
- For nybygg blir faktura sendt ut ved godkjent igangsetjingsløyve (IG) etter sats i gjeldande gebyrregulativ på tidspunktet for godkjenning. Betalinga må ha funne stad når/før den faktiske tilkoplinga skjer.

- For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, blir tilknytingsgebyr betalt etter gjeldande sats på det tidspunktet krav om tilknytingsgebyr vart sett fram.
- Kommunen kan innføre egne gebyr for tilknytning/årsgebyr for ulike område i kommunen.

Kapittel 3. Årsgebyr

§ 7. Årsgebyr

Årsgebyr skal betalast av alle abonnentar og er sett saman av to delar:

- Abonnementsgebyr
- Forbruksgebyr

For nybygg oppstår gebyrplikt ved mellombels bruksløyve/ferdigattest, eventuelt når bygget blir tatt i bruk. For eksisterande bygg oppstår gebyrplikt når bygget blir tilkopla. Dette skal dokumenterast med datert ferdigmelding. Ferdigmeldinga skal godkjennast av kommunen.

§ 8. Abonnementsgebyr

Samla abonnementsgebyr for kommunale vasstenester skal dekkje ein fast del av dei forventa kostnadene knytt til vasstenester i kommunen. Resten blir dekt gjennom forbruksgebyret. Prosentdelen går fram av gebyrregulativet.

Storleiken på abonnementsgebyret og forbruksgebyret blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

Abonnementsgebyr blir differensiert etter brukarkategori. Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar ein like stor, fast sum, som går fram av gebyrregulativet.

- Abonnementsgebyr for næring:

Betalt av næringsseigedomar, inkludert landbruk og offentleg verksemder

- Abonnementsgebyr for bustad:

Betalt av andre abonnentar (bustader og fritidsbustader). Betaling baserast på registrert byggtipe i matrikkelen. For seksjonerte bygg bereknast abonnementsgebyr per seksjon, uavhengig av registrert byggtipe.

Abonnenten har ansvar for at kommunen har korrekte data om abonnementstilhøvet. Abonnenten skal melde om endringar i abonnementstilhøvet til kommunen. Fram til kommunen har tatt imot melding, skal abonnenten betale gebyr som før.

§ 9. Eigedom utan godkjent tilknytning eller fråkopling

Er ikkje tilknytning godkjend av kommunen, skal abonnenten betale gebyr frå og med det tidspunktet tilknytninga fann stad. Dersom eigedom er tilknytt utan godkjenning av kommunen, skal abonnenten betale gebyr frå og med det tidspunktet kommunen finn det dokumentert at tilknytninga fann stad.

Er fråkopling ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betale gebyr fram til fråkoplinga er godkjend.

§ 10. Ansvar for gebyra

Abbonenten har ansvar for betaling av gebyr, uavhengig av om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

§ 11. Forbruksgebyr

Forbruksgebyret skal reknast etter målt eller stipulert vassforbruk:

- Målt vassforbruk er basert på bruk av vassmålar som viser faktisk vassforbruk og som blir multiplisert med pris per m³.
- Stipulert vassforbruk blir rekna på grunnlag av bruksareal i bygget og multiplisert med utrekningsfaktor m³ per m² bruksareal per år. Kommunestyret set utrekningsfaktor årleg gjennom eige regulativ.

Både kommunen og den enkelte abonnenten kan krevje at forbruksgebyret skal fastsetjast ut frå målt forbruk, med dei avgrensingar som følgjer av denne forskrifta.

Det er uansett krav om vassmålar for:

- Alle nybygg
- Alle bygningar eller delar av bygning som ikkje blir nytta til bustadformål
- Mellombelse abonnentar
- Vassuttak utan at vatn er lagt inn i bygning og vassuttak for ubygd eigedom
- Bustader med basseng, fontene m.m.
- Sprinklaranlegg.

I særlege tilfelle der bruksareal ikkje ligg føre, kan kommunen bestemme at abonnenten, for eksempel mellombelse abonnentar for bygg og anlegg, betaler for eit fastsett stipulert forbruk.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengda blir rekna lik som vassmengda. Dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp bli basert på målt eller stipulert/utrekna avløpsmengd (utslepp).

Abonnenten må søkje om redusert gebyr og legge fram dokumentasjon på avviket. Kommunen gjer ei skjønnsmessig vurdering utifrå innsendt dokumentasjon.

For næringsverksemd og offentleg verksemd der samansetjinga av avløpsvatnet skil seg frå vanleg hushaldsavløp, og verkar anten fordyrande eller innsparande på drift og vedlikehald av avløpsanlegget i kommunen, kan ein rekne ut eit påslag/frådrag i forbruksgebyret for avløp basert på dei forventa ekstraavgiftene/innsparingane.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret blir fastsett ut frå målt forbruk.

Kapittel 4. Fritak

§ 12. *Fritak*

Det kan bli gitt fritak frå gebyr for forbruk dersom eigedomen står ubrukt i minst 12 månader samanhengande. Fritak frå forbruk blir gitt for eit år om gongen, det må søkjast om fritak for kvart år. Maksimal periode for fritak er 3 år.

Fritak frå abonnementsgebyr blir gitt ved dokumentert fråkopling av vatn.

§ 13. *Grunnlag for reduksjon i gebyr*

Tilhøve som gir grunnlag for reduksjon i gebyra:

- Ved ikkje varsla brot i vassforsyninga i meir enn 24 timar
- Ved ikkje varsla brot i vassforsyninga meir enn 2 gonger i løpet av eit kalenderår, og kvart brot varer meir enn 8 timar
- Når hygienisk kvalitet på vatnet er så dårleg at det må kokast før bruk til drikke eller matlaging.

Generell tilråding om å koke vatn som sikringstiltak etter trykkfall på grunn av reparasjon, spyling, brannsløkking m.m. gir ikkje gebyrreduksjon. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast tilhøve på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Restriksjonar for vassforbruk, t.d. forbod mot hagevatning, eller kortare avbrot i levering av vatn eller mottak av avløpsvatn, gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

Krav om redusert gebyr må fremjast innan 4 veker etter at tilhøvet oppstod, dersom ikkje kommunen av eige tiltak har fatta vedtak om gebyrreduksjon.

Kapittel 5. Mellombels tilknytning

§ 14. Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning gjeld for arbeidsbrakker og andre bygningar av mellombels art med innlagt vatn, som berre skal brukast i ein avgrensa periode. Kommunen kan fastsetje varigheit for den mellombelse tilknytninga i samsvar med byggeløyve, jf. § 5.

Eigar/festar av eigedommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avrekning i samsvar med den tida tilknytninga er operativ.

Ein skal ikkje betale eingongsgebyr for tilknytning, men alle kostnader ved tilknytning og fråkopling blir belasta eigar/festar av eigedommen.

Mellombels tilknytning gjeld for opp til 1 år, med høve til å søkje om vidareføring. Det er ei absolutt øvre grense på 3 år. Utover 3 år må ein betale tilknytingsgebyr på normale vilkår. Eingongsgebyr for tilknytning fell til betaling dersom mellombels tilknytning ikkje blir avslutta når kommunen si godkjenning går ut.

Kapittel 6. Vassmålar

§ 15. Eigarforhold, vedlikehald og kostnader

Vassmålaren er kommunen sin eigedom, om ikkje anna ordning er avtalt med kommunen. Vassmålar som skal nyttast som grunnlag for berekning av årsgebyr, blir betalt av kommunen. Målarar utover dette skal betalast av abonnenten. Installasjon av vassmålar skal betalast av abonnenten. Vassmålarar for internt bruk skal betalast av abonnenten.

Abonnenten skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing og vedlikehald. Vassmålarar skal installerast frostfritt og i tråd med øvrige tekniske krav. Abonnenten skal føre tilsyn med målaren, og er ansvarleg for vedlikehald og skydd mot frost og skade.

Blir ein målar borte eller skadd, skal abonnenten straks melde ifrå til kommunen. Kommunen skal då stipulere vassmengda ved skjønn. Dersom skaden skyldast aktause eller andre forhold som abonnenten kan haldast ansvarleg for, skal målaren erstattast av abonnenten.

Utskifting av målaren kostast av kommunen. Dersom behovet for utskifting skyldast forhold abonnenten har ansvar for, kostar abonnenten utskiftinga.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering, jf. andre ledd. Abonnenten kostar slik flytting.

Montert vassmålar skal ikkje fjernast utan at kommunen har gjeve samtykke.

Plombert målar skal berre opnast av personell frå kommunen eller den som kommunen gjev myndigheit. Er ein plombert målar brote, vil kommunen stipulere vassmengda for heile perioden ved skjønn.

§ 16. Bruk av vassmålar

Abonnten skal lese av vassmålararen så nært tidspunkt for avrekning som mogeleg. Blir ikkje målararen lesen av, kan kommunen fastsetje årsgebyret etter skjøn. Kommunen kan òg krevje tilgang til vassmålararen for sjølv å lese av vassmålararen utan ytterlegare varsel til abonnenten.

Kommunen har rett til å føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg. Kontrollen skal skje med måleutstyr og prosedyrar for måling slik det er krav om frå Justervesenet.

Dersom målararen ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga.

Viser målararen meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling.

Dersom vassforbruket til abonnenten har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan det avtalast nytt akonto beløp.

Kapittel 7. Avsluttande føresegner

§ 17. Innkrevjing av gebyr

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter [§ 6-1 i pantelova](#). Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§ 18. Vedtaksmakt

Vedtak etter denne forskrifta er fatta av kommunestyret i Bjørnafjorden kommune.

§ 19. Opphøyr av abonnement

Abonnementet opphøyrer når tilkoplingspunkt er plugga og røyrleggarmelding er godkjent av kommunen.

§ 20. Klage

Når det blir fatta enkeltvedtak etter denne forskrifta, skal den/dei dette vedtaket gjeld, bli informert om den klageretten som er bestemt i [forvaltningslova](#). Klagen skal sendast til Bjørnafjorden kommune og klagefristen er 3 veker.

Dersom klagen ikkje blir tatt til følgje, blir han sendt til den til ei kvar tid gjeldande kommunale klageinstans etter [forvaltningslova § 28, 2. ledd, første setning](#). Denne instansen gjer endeleg vedtak.

Klage på gebyr utset ikkje betalingsfristen.

Utrekning av storleiken på gebyra, som følgjer direkte av det årleg fastsette gebyrregulativet, er ikkje enkeltvedtak og kan derfor ikkje klagast på. jf. [forvaltningslova kap. 7](#).

§ 21. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft når den er kunngjort i Norsk Lovtidend.

Frå same tid opphøyrer forskrift om vass- og avløpsgebyr i Bjørnafjorden kommune, fastsett av kommunestyret 13.februar 2025.